



Tjødnalio skule
STORD
kommune



ORDENSREGLAR FOR TJØDNALIO SKULE

Elevane sin rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø er blitt styrka gjennom opplæringslova §9a. I opplæringslova §2-9 er konsekvensar for dei som bryt reglane blitt skjerpa.

Krav til orden, åtfærd og arbeidsinnsats er og skjerpa i Opplæringslova § 3-5. Ordensreglane er meint å vera ein reiskap i det daglege arbeidet med born. Det er viktig at elevane veit kva reglar og konsekvensar som gjeld.

Informasjon om reglane er og viktig for foreldra. Eventuelle konsekvensar bør ikkje koma som ei overrasking. Me kjem difor til å senda reglane heim kvar haust. Skulen legg stor vekt på det førebyggjande arbeidet.

God klasseleiing og kontinuerleg arbeid med klassemiljøet gjennom ulike tiltak er viktige førebyggjande faktorar.

Etter kvart har me eit godt fungerande hjelpeapparat i kommunen. Det vert viktig å nytta desse hjelparane dersom born sine problem overstig skulen sin kompetanse. Likeeins har me lagt til rette for mange og positive aktivitetar i pausane slik at ungane har "noko å gjera på"

Det er og viktig å presisera at ein alltid prøver å løysa konflikhtar gjennom dialog med elevane før større konsekvensar vert sette i verk. Sjå døme s.6 i heftet. Men dersom milde konsekvensar ikkje fører til betring, må ein bruka andre verkemiddel.

Skulen sine ordensreglar har to siktemål:

- Konsekvens for den som bryt reglane (Opplæringslova §2-9)
- Vern for elevar som vert utsette for krenkande åtfærd (Opplæringslova §9a)



DEL I: REGLAR

OVERORDNA:

Alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule har rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. §9a i Opplæringslova.

1. ÅTFERD:

- På skulen vår er alle høflege mot kvarandre og viser omsyn og respekt for kvarandre
- Ingen skal verta utsett for mobbing i timar, pausar eller på skulevegen

2. TIMAR OG ØKTER:

Alle:

Presis:

- Møter til rett tid: om morgonen og til timane

Arbeidsvanar:

- Kjem raskt i gang , arbeider konsentrert og effektivt og held arbeidsro i timar/økter (sløsar ikkje vekk tida eller uroar andre))

Utstyr:

- Har med bøker og anna utstyr
- Har med gymnastikkelede

Lekser:

- Gjer leksene og møter førebudd til timane
- Leverer lekser til rett tid

Andre sine ting:

- Let andre sine ting vera i fred



3. MIDTTIMAR OG PAUSAR:

- Følgjer reglane som gjeld for inneaktivitetar i pausar (sjå plakatar i romma)
- Leikar slik at ingen vert skada eller sår
- Det er ikkje høve til å bruka rullebrett, sparkesyklar, rulliskeiser, rulllesko og sykklar på skulen i skuletida og i friminutta
- Når det er snø får elevane berre nytta rumpeakebrett til aking. Ikkje rattkjelke eller andre akebrett utan avtale.
- Kastar snøball på blink og ikkje på medelevar
- Held seg innanfor skulen sine grenser i skuletida
- Tek vare på og fer fint med skulen sine ting



4. MOBILBRUK OG SMARTKLOKKER:

- Det er ikkje høve til å ta mobilen med på skulen.
- Dersom foreldre skriv melding om det (avtalar), kan eleven ha mobilen med seg ein einskilddag. Mobilen skal då liggja på lydlaus i sekken.
- Smartklokker vert rekna som mobiltelefon og kjem inn under same reglane.



5. SYKLING TIL SKULEN:

- FAU rådar til at det frå 5. trinn er lov å sykla til skulen
- Det skal nyttast hjelm
- Det skal og nyttast hjelm på sykkelturnar i skulen sin regi
- Syklane må vera i god stand
- Trafikkreglane må følgjast
- Sparkesykkel vert rekna som sykkel, og det er påbudt med hjelm



6. MELDING TIL SKULEN:

- Når nokon er sjuke, skal dei vaksne heime melde frå til skulen om det. Skulen skal gi svar på at meldinga er motteken.
- Skjema på heimesida må nyttast dersom nokon søker om permisjon
- Kontaktlærer kan gje permisjon i ein dag
- Rektor kan gje permisjon i inntil 2 samanhengande veker
- Det er vanleg at elevar har skulearbeid med når de har permisjon i løpet av skuleåret. Foreldra har ansvaret for at arbeidet vert gjort.
- Dersom det vert søkt om permisjon utover 2 veker, må eleven skrivast ut frå skulen og skrivast inn att når han/ho kjem attende. Administrasjonen på skulen hjelper til med dette.



7. ANNA:

- Snop og brus tek ein berre med på skulen etter avtale
- Røyk, snus eller andre rusmiddel skal ikkje nyttast på skulen sitt område
- Energidrikk er ikkje tillete på skulen, då det er tilrådd 14 års aldersgrense.

Reglane gjeld for alle samvere på skulen



DEL II: KONSEKVEN SAR VED BRO T PÅ REGLANE:

Ta omsyn til:

Før konsekvensar vert sette i verk, må læraren først snakka med og rettleia elevane. Eleven må få ein sjanse til å retta opp.

- Det må vera samanheng mellom bro t på reglar og konsekvensar. Dø me: Negativ å tferd i pausar får konsekvensar for pausar
- Ein må ta høgde for at bro t på reglar kan skuldast sjukdom eller annan vanske som eleven har.
Det må alltid vera rom for sosial differensiering.

VANLEG PROSEDYRE VED BRO T PÅ REGLANE:

- Læraren snakkar med og rettleier eleven
- Heimen/rektor vert varsla
Heimen kan verta varsla på ulike måtar:
Lærar ringjer heim, eleven ringjer heim eller eleven skriv om si rolle i eventuell konflikt, får signatur heime og leverer "skrivet" attende neste dag
- Konsekvensar vert gjennomførte

1. Å TFERD: PROSEDYRE DERSOM MOB BING ELLER KRENKANDE Å TFERD VERT OPPDAGA:

- Mobbinga vert stansa straks. Den som vert mobba må tryggast.
- Samtale med mobbeoffer og føresette
- Kartleggingar og undersøkingar i miljøet rundt eleven (dokumentasjon)
- Individuelle samtalar med mobbar/mobbarar
- Samtalar med mobbar/ar og foreldre
- Tiltak og oppfølging frå skulen i samarbeid med heimane.
- Vurdering av tiltaka

2. TIMAR OG ØKTER: DØ ME PÅ KONSEKVEN SAR.

Presis: Ta att arbeidet i pausar

Arbeidsvanar/uro:

- Verta flytta til annan arbeidsstad i rommet, til tilstøytande rom, til andre trinn, til administrasjonen , ta att tapt tid i pausar
- Time – out (pause)
Utstyr: Melding heim viss gløyming gjentek seg
Lekser: Gjera lekser i midttimar eller etter skuletid. Etter skuletid må skje i avtale med foreldra

Andre sine ting: Dersom ting, bøker o.a. vert øydelagde med vilje, har foreldre erstatningsansvar



3. MIDTTIMAR OG PAUSAR: DØME PÅ KONSEKVENSAAR:

- Mista rett til å vera inne i midttimar (frå ein til fleire dagar)
- Sitja på rektor sitt kontor i pausar
- Vera saman med læraren som har tilsyn i i pausar
- Tap av goder (gymsal, bomberom, dansematte, skateboard m.m.)
- Sitja att 20 min. Etter skuletid. Foreldre skal varslast på førehand

4. MOBILBRUK. KONSEKVENSAAR:

- Læraren tek mobilen og eleven hentar han i resepsjonen ved skuleslutt.

5. SYKLING TIL SKULEN. KONSEKVENSAAR:

- Eleven kan mista retten til å sykla til skulen for kortare eller lengre periode

6. GENERELT:

- I sær s alvorlege tilfelle kan elevar frå 1-7 trinn verta bortviste for resten av dagen eller ein annan dag. Føresette skal varslast på førehand.

Jfr Opplæringslova §2-10



Ordensreglane er vedtekne i SU 26.02.2018